

BARNE-OP	?
Ark	21-00
	26/9-07
S.	2007/01773 -150

Fråsegn

vedr. forslaget om kjønnsnøytral ekteskapslov i Norge.

frå Kristent Leiarforum, som er eit tverrkyrkjeleg fellesskap av aktive lokale kristen-leiarar.

I samsvar med vår demokratiske rett, vil vi på det sterkaste protestere mot forslaget om kjønnsnøytral ekteskapslov, som har vore ute på høyring i relativt kort tid hos eit snevert utvalg instansar.

Dette lovforslaget bryt radikalt med Bibelens ord om samliv mellom mann og kvinne, som jo er sjølve basis for den samfunnspilaren som ordna ekteskap og familie alltid har vore.

Dernest er det eit alvorleg angrep på ein grunnleggande livsnerve i norsk kultur gjennom tusen år.

Historisk er det bærekrafta i dei kristne grunnverdiane som har løfta vår kultur og vår nasjon opp frå det mørke heidenskap, til eit sivilisert nivå som har vore eit ideal for andre nasjonar.

For det tredje er forslaget i seg sjøl naturstridig. Ekteskapet handlar ikkje om to menneske av same kjønn, men om ein mann og ei kvinne, som også er det naturlege vilkår for reproduksjon.

Det er vanskeleg å oppfatte dette noko forhasta lovforslaget som anna enn målretta avkristning, og det vil ikkje tene til velsigning og ære for vår nasjon.

Skulle det aktuelle lovforslaget verte vedteke, ville det vere eit langt steg attende til offentlig heidenskap i landet vårt, og i strid både med Grunnlova, sunn fornuft og det mandatet folket har gjeve politkarane.

Florø den 30. august 2007

Kjell Tonheim
- Normisjon / Dnk.

Karl Henry Aslaksen
- Pinsekirka Filadelfia.

Christine Stensland
- Frelsesarmeen.

Jarl Steinhovden
-Norsk Luthersk Misjonssamband.

Mindor Tonheim
- Kristkyrkja.